

Klage på vedtak av 04.09.2023 gjort av Alver kommune v/landbruksavdelinga. Gjeld søknad sendt 03.08.2023 2023/5927, Agros 241443 Vedtak om avvisning av søknad om tilskot til tiltak i beiteområde – Organisering og overvåking av beitedyr i utmarka på Vike GBNR 219/2

På landbruksdirektoratet sine sider står det beskrive utfyllande korleis ein kan søkje på ovannemnte tilskot. Det står også godt beskrive kven som kan søkje og kva kriterier som kan liggjast til grunn, og kva ein kan søke tilkot til. Der står følgande sitat frå denne linken:

<https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/jordbruk/ordninger-for-jordbruk/tilskudd-til-tiltak-i-beiteomrader?openStep=7178ef2e-7275-43fb-ba48-91e1548a6d21-2>

Kven kan søkje?

Lag, foreiningar og føretak som driv næringsmessig beitedrift, kan søkje. Enkeltføretak kan søkje når det på grunn av naturgjevne eller driftsmessige forhold ikkje ligg til rette for samarbeid.

Tilskot til investeringar som er knytte til utmarksbeita

Gjeld investeringar i faste installasjonar og anna utstyr som er knytt til beitebruk som fremjar beitebruken i eit område.

Dette kan vere

- elektronisk overvakingsutstyr (radiobjøller, lammenodar, merkeavlesarar, findmysheep m.m.)

Etter mitt syn har Alver kommune avvist søknaden på feil grunnlag. Det står utvilsamt at enkeltføretak kan søkja på tilskotet. Ein har ikkje vurdert kriteria for dette i det heile, men avvist søknaden grunna at søkjar ikkje er med i eit beitelag. Dette er opplagt ein ugyldig grunn til å avvise søknaden. Eg viser til søknaden der me gjer greie for tilhøva og kvifor me kvalifiserer til tilskot. Eg vonar kommunen gjer om vedtaket og ikkje brukar unødig med tid på å senda det til statsforvaltaren, då eg ikkje kan sjå at det skulle vera nødvendig, i ei så opplagt sak.

Mvh.

Torgeir Andvik

Tina Kvamme gardsdrift

